

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 27.06.2017
Vår ref.: 2017/11113-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 17/1595 – 17/12950

Att. Marius Flemmen Knudsen

Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om bygging av landbruksveg - gnr 13 bnr 3 og 4 - Røyset - Meland kommune

Vi viser til brev datert 23.06.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styringsmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservatorMonika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.